



Sabima kartleggingsnotat 10, 2019

Kartlegging av insekt i utvalte naturtyper i Salten, Nordland, med særleg vekt på tovenger (Diptera)

Av Gunnar Mikalsen Kvifte



Mørkvedskagen, Bodø



Insekt i utvalte naturtypar i Salten, Nordland, med særleg vekt på tovenger (Diptera)

Emneord: Diptera, Salten, Nordland, faunistikk, insektkartlegging, kartlegging

Introduksjon

Nordland ligg på grensa mellom det boreale og det subarktiske og er ein landsdel rik på relativt upåverka natur på mineralrik berggrunn og jord. Naturverdiane her er likevel under særskild press frå klimaendringar, både med tanke på ekstremvêr, spreining av sørlege artar og endra årstidsdynamikk. Å studera dette er vanskeleg grunna dårlege grunnkunnskapar om artsmangfald, då mange artsgrupper knapt er studerte her i det heile.

Dette prosjektet tok sikte på å kartlegga tovengefaunaen i Salten I dette prosjektet vitja eg ti lokalitetar i Saltenregionen frå juli til september 2019. Materialet som blei samla inn er framleis under utarbeiding. Denne rapporten tek for seg dei funna som til no er innrapporterte i Artsobservasjonar.

Feltarbeid

I forkant av prosjektet lasta eg ned kartlag frå <http://kart.naturbase.no> innanfor naturtypane *ferskvatn*, *skog* og *myr og kjelde*. Desse blei overførte til Google Maps og inspisert for kor tilgjengelege dei var frå bilvegen, og ei liste blei utarbeidd med 40 gode lokalitetar å bruka som utgangspunkt for samling.

Første tur til Bodø blei teken med fly frå Bergen den 6. juli og varte i to veker. Desse vekene disponerte eg ikkje bil og hadde avgrensa tilgong til lokalitetar med høg verneverdi, men eg fekk samla ein del med håv og sett opp ei Malaisefelle i den nasjonalt viktige bjørkeskogen Slåttilia-Sørstrupen og gjennomførte ein produktiv dagstur til Rognan i Saltdal der eg vitja to spanande lokalitetar (fig. 1). Det blei diverre lite tid til samling i perioden då eg òg måtte bruka ein del tid på å førebu flytting og nytt arbeid ved Nord Universitet.



Figur 1. Fiskvågvatnet i Saltdal kommune



Den andre turen til Bodø blei gjennomført med bil (reise dekt av Nord Universitet) og tilgongen til gode lokalitetar var difor høgare frå august av. Høgt arbeidspress ved universitetet reduserte likevel samlingsaktiviteten mykje i forhold til planlagt nivå. Malaisefeller blei henta inn frå Slåttlia-Sørstrupen og sett opp på rikmyra Mørkvedskagen (Bodø, sjå forsida) og i det gamle boreale lauvskogsholtet Altersmyra N (Fauske, sjå figur 2), og det blei gjennomført dagsturar til lokalitetar i Bodø, Sørfold og Fauske kommuner. Gjennom prosjektet blei totalt ti lokalitetar vitja, korav sju var henta frå naturbase (tabell 1).



Figur 2. Gamal boreal lauvskog på lokaliteten Altersmyra N

Tabell 1. Lokalitetar vitja i samanheng med prosjektet.

Kommune	Lokalitets-namn	Aust	Nord	Vitja	Metodar	Naturtype
Bodø	Bodø sentrum	14,38932	67,28173	17.7	Handplukk	By
Bodø	Friluftsmuseet	14,42905	67,26752	15.9	Handplukk	Ikkje definert
Bodø	Hurtigbåtkaia	14,37381	67,28375	17.9	Handplukk	By
Bodø	Mørkvedskagen	14,56691	67,27787	4.8, 20.8	Malaisefelle	Rikmyr
Bodø	Sørstrupen-Slåttlia	14,49699	67,28227	16.7, 4.8	Håving, handplukk, Malaisefelle	Bjørkeskog med høgstauder
Fauske	Altersmyra N	15,18875	67,33985	18.8 19.8, 1.9	Malaisefelle, handplukk, slaghåv	Gamal boreal lauvskog
Saltdal	Fiskvågflaket	15,38901	67,11134	19.7	Håving, handplukk	Hygro-petrisk kjelde ved kalk-furuskog
Saltdal	Fiskvågvatnet E	15.376738	67.094296	19.7	Håving, handplukk	Kant-vegetasjon ved kalksjø
Sørfold	Evjenmyra-Andkiltyra	15,67543	67,39817	19.8	Håving	Rikmyr
Sørfold	Trolldalsvatnet E	15,6472	67,38434	19.8	Håving	Kantvegetasjon ved kalksjø



Resultat

Ved rapporteringsfrist hadde eg registrert 51 sikre funn av 32 artar; mykje restmateriale står framleis att og vil bli bestemt og lagt ut i Artsobservasjonar utover vinteren og våren. Artane *Psychoda satchelli* Quate, 1955 og *P. erminea* Eaton, 1898 var ikkje moglege å registrera då dei ikkje ligg i Artsnamnebasen, endå begge har vore kjende frå Noreg ein stund (Kvifte et al. 2011, Kvifte og Boumans 2014) – desse blei begge funne på lokaliteten Mørkvedskagen; *P. satchelli* òg i Sørstrupen-Slåttlia. Ut over desse to, er funna rapporterte i Artsobservasjonar i prosjektet «Insektkartlegging på Salten 2019».

Ingen artar nye for Noreg blei funne i dette prosjektet, men i følge utbreiingsdata i Artskart er tovingene *Psychoda erminea*, *P. lobata* Tonnoir, 1940, *Sylvicola fuscatus* (Fabricius, 1775), *Leptopeza flavipes* (Meigen, 1820), *Oedalea ringdahli* Chvála, 1983, *Lonchoptera fallax* de Meijere, 1906, *Diastata nebulosa* Fallén, 1823, *Campichoeta griseola* (Zetterstedt, 1855), *Anthomyza gracilis* Fallén, 1823, *Chamaepsila limbatella* (Zetterstedt, 1847), *Psilosoma audouini* (Zetterstedt, 1835), *Euthycera fumigata* (Scopoli, 1763), *Limnia paludicola* Elberg, 1965, *Pherbellia rozkosnyi* Verbeke, 1967 og *Parallelomma vittatum* (Meigen, 1826) nye for Nordland; det same er støvlusa *Philotarsus parviceps* Roesler, 1954. Funnet av *Philotarsus parviceps* var spesielt i skandinavisk samanheng då det blei funne fleire hannar enn hoer; denne arten er rekna som reint partenogenetisk i Sverige og Danmark (Svensson & Hall 2010). Desse mange nye fylkesfunna trass i relativt litan innsats viser tydeleg at behovet for vidare kartlegging i Bodø-området framleis er sterkt.

I tillegg til tovingematerialet eg arbeider med og som vil bli donert til dei naturhistoriske samlingane ved Helgeland Museum, har prosjektet generert materiale av *Hymenoptera*: *Ichneumonidae*, *Hemiptera*: *Heteroptera* og *Trichoptera* som heilt eller delvis skal handsamast av Geir Ørsnes (uavhengig samlar, Bodø), Steffen Roth (Universitetsmuseet i Bergen) og Trond Andersen (Universitetsmuseet i Bergen). Restmateriale frå Malaisefellene skal vidare bli donert til Universitetsmuseet i Tromsø ved Jostein Kjærandsen og Patrycja Dominiak.



Litteratur:

- Kvifte GM og Boumans L. 2014. Further records and DNA barcodes of Norwegian moth flies (Diptera, Psychodidae). *Norwegian Journal of Entomology* nr. 61.
- Kvifte GM, Håland Ø og Andersen T. 2011. A revised checklist of Norwegian moth flies (Diptera, Psychodidae). *Norwegian Journal of Entomology* nr. 58(2).
- Svensson BW og Hall K. 2010. *Nationalnyckeln till Sveriges flora och fauna. Stövsländor. Psocoptera*. 204 sider. Uppsala: ArtDatabanken, SLU, Uppsala.